

BioFish AS
Tangavegen 19
5620 TØRVIKBYGD

Vår dato: 20.12.2019
Vår ref.: 201834546-32
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22959528 / baso@nve.no

Løyve til uttak av vatn og regulering av Eidesvatnet i Kvam herad, Hordaland

Vi syner til dykkar søknad datert 11.09.2018.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn og regulering av Eidesvatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av vatn og regulering av Eidesvatnet til produksjon av settefisk og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

På grunn av julehøgtid med ferieavvikling vert klagefristen sett til 21.01.2020.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for uttak av vatn og regulering av Eidesvatnet
Bakgrunn for vedtak

Kopi til:

Britt Eide
Fiskeridirektoratet
FYLKESMANNEN I VESTLAND
GUNNAR DOLVE
Hordaland fylkeskommune
Kvam herad
Lars Øyvind Birkenes
MARIT EIDE
Naturvernforbundet i Kvam
Statens Vegvesen - region vest